





Skjermen viser:	I timen:
	<p>Introduser timen og start med å sjå Vi er ulike - og det er bra! - YouTube Du kan eventuelt dele den opp og sjå den i mindre brøkar om du synes det blir mykje på ein gong for desse yngste elevane.</p>
	<p>Desse barna ser veldig ulike ut. Likevel kan alle vere fødd i Noreg av norske foreldre. Korleis trur de det er at nokon spør kvar du er frå fordi hudfargen din skil seg ut? Mange likar ikkje å bli spurt om det. Det er betre å spørje andre kva dei likar å gjere på, eller andre ting dei likar, enn å spørje om kvar folk er frå.</p>
	<p>Sjølv om vi er ulike og har ulik bakgrunn kan vi like det same og vere i lag og vere venner! Kva har desse til felles?</p>
	<p>Mange barn tenker ikkje over at vi har ulike hudfargar og slikt – vi er jo berre barn som leikar i lag. Det er bra. For korleis vi ser ut fortel ingenting om kven vi er eller korleis vi er som menneske! Men dette bildet viser at denne jenta blir plaga av dei andre. Kva ord trur de dei seier til jenta? Korleis opplevast det for ho? Kven kan hjelpe jenta her?</p>
	<p>Sjå kor bra desse har det i lag! Kva ord trur de dei brukar til kvarandre no?</p>
<p>Mangfald er bra!</p>	<p>Vel ein eller fleire av desse leikane</p> <p><u>«Eg er spesiell»</u> Alle elevane skal kome på noko om dei sjølv som passar akkurat til dei. «Eg har 2 søsken» «Eg har ein kanin» «Eg likar å renne på ski» «Eg har gule gardiner på rommet mitt» Etter tur skal elevane sei sin spesielle ting. Om nokon andre også har dette reiser dei seg, og eleven må kome på ein ny spesiell ting før neste gong det er denne sin tur igjen. Var det nokon i klassa som var heilt var aleine om sin spesielle ting? Og var denne/desse lik andre elevar på mange andre ting? Oftast er vi likare enn vi skulle tru.</p> <p><u>«Sola skin på meg og alle som»</u> Denne leiken passar fint til å vise at vi er like med noko og ulike med andre ting. Alle sit i ring på stolar. Det er nok stolar til alle unntatt ein som står i midten. Den som står i midten seier ein ting som passar om seg sjølv slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • "Sola skinn meg og alle som likar å spele fotball". Då må alle som likar å spele fotball reise seg og byte plass. Den i midten skal prøve å finne ein ledig stol. Den som vert ståande utan stol, må finne på neste ting: til dømes • "Sola skin på meg og alle som har kvite sokkar" • "Sola skin på meg og alle som liker matte best" • "Sola skin på meg og alle som har søsken"

	<p>«Fruktsalat»</p> <p>Denne leiken kan brukast som aktivitet for å få fram poenget om at ein fruktsalat blir best med ulike frukter og ikkje berre ein frukt. Alle sit i ring, med ein stol for lite, og ein person står i midten (lærer kan godt starte i midten). Del elevane inn i fire frukter, til dømes eple, pære, banan og appelsin. Personen i midten roper ut eit av fruktnamna og då må dei som er denne frukta bytte plass. Den i midten kan også rope "Fruktsalat" og då må alle bytte plass.</p>
	<p>No skal vi sjå ein film som viser ulike folkegrupper som bur i Noreg, og litt om kvifor folk frå ulike land bur her i lag: Zmekk - Flere kulturer i Norge / Norsk - YouTube</p> <p>Etter filmen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva er grunnen til at det bur mange i Noreg som har bakgrunnen sin frå andre land? • Er det nokon i denne klassa som har flytta hit frå eit anna land? • Korleis er det å ikkje kunne bu i det landet ein er frå skal tru?
	<p>Puslespelbrikker</p> <p>(Denne oppgåva ligg også på 1. trinn, men den kan gjerast igjen med litt meir avansert puslespel-brikker, eller for første gong om ein ikkje har gjort det før.)</p> <p>No skal vi teikne på puslespel-brikke. Du skal fylle di puslespel-brikke slik at den viser noko om kven du er. Du kan teikne deg sjølv, fargelegge den i mønster eller fargar som du likar godt, teikne ting du likar å halde på med, eller kva som helst som viser deg at denne brikka er di.</p> <p>Etterpå skal vi sette dei saman til eit puslespel som viser at sjølv om vi er ulike – så passar vi godt saman!</p> <p>Del ut brikke som elevane får teikne på:</p> <p>Lag puslespelbrikkene til ein plakat som kan henge på klasserommet. Sjå gjerne filmen ein gong til ein annan dag og la elevane kome og vise brikka si på puslespel-plakaten og fortelje litt om kva som er typisk dei med denne brikka. Legg vekt på å få fram at alle passar inn i mangfaldet sjølv om brikkene er ulike.</p>
	<p>Gjer gjerne litt frosketid. Til dømes denne</p>
	<p>De kan gjerne også repetere eller øve på korleis ein inkluderer andre. Sjå grå boks.</p>